

Møtereferat

FAU Sund Ungdomskule

Dato: 22.01.24
Møteleder: J. Håkonsund
Referent: J. Håkonsund



	Representant		Vara	
8A	Kine H Baardsen		Gry Kari Randem	
8B	Torstein Tøgard/ Kristin Tøgard	X	Mona Iren Hansen	
8C	Janne Kleppe Kalstad	X	Jimmy Kennet Håkonsund	
8D	Krister Turøy	X	Cathrine Nilsen Graue	
8E	Jannicke Høyland		Nina Lerbekk	
9A	Lene Kvinge Lerøy	X	Kristine Marøy	
9B	Frøydis Wiers		Laila-Karin Rong	
9C	Elisabeth Telle Sellevåg		Eivind Ellertsen	
9D	Birgitte Kallestad	X	Sara Therese Bratland Giskegjerde	
9E	Ingvild Bessesen Eide	X	Janne Øvretveit	
10A	Helga Lokøy	X	Helene Wilhelmsen	
10B	Marianne Sand Soltvedt		Cecilie Hustvedt	X
10C	Jarle Glesnes/Lena Jensen Glesnes	X	Anne Berit Mikalsen Melkevik	
10D	Jimmy Kennet Håkonsund	X	Ann-Kristin Håkonsund-Øistad	
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

- OK

2. Godkjenning av referat frå 13.11.23

- OK

3. Bytte bank

- Har oppretta kundeforhold og konto i Sparebanken vest.
- Skal opprette konto til Elevrådet også. Når denne kontoen er etablert og integrert i Zettle betalingsterminal som elevrådet har, avsluttast kundeforholda/ kontoar hos DNB

4. Status arbeidsgrupper

- Trygg skuleveg:
 - Gruppa har oppretta kontakt med FAU Stranda for å setja ned ei felles gruppe. Det blir eit felles møte i løpet av 2-3 veker.

- Lene har også vore i kontakt med Arve Helle hos Vestland fylkeskommune. Han var nyleg på befaring, og var positiv innstilt til at det kunne skje noko på denne vegstrekninga mellom Vorland og Stranda. Han oppfordra til at lokalmiljøet og FAU hold «trykke oppe» om viktigheita av å få utbetra dette vegstykket.
- **Sosiale Medier og haldningsarbeid:**
 - Gruppa er ikkje komt heilt i gang med arbeidet, men startar for full no.
- **Rutinegruppa:**
 - *Etterskrift: Jannicke og Elisabeth har avtalt oppstart av arbeidet.*
- **Sponsorgruppe:**
 - Arbeidet ikkje starta opp, da det er uklart kva behov / ønskjer skulen har. (Må konkretiserast før sponsorar blir kontakta)

5. Informasjon frå rektor

- I regi av Den kulturelle skolesekken blei skulen invitert på kino for å sjå «Bortebane». Dette er ein dokumentarfilm om Norway Cup. Eit tema i filmen - å tape – korleis skal me forhalda oss til da når me helst vil vinna?
- Valfag gruppa ALF på 9. trinn har eit prosjekt om å lage blomsterkasser til skulen. Når desse er ferdig, skal dei få produsera nokon for sal.
- Valfag gruppa «Design og redesign» har dekorert i skulebiblioteket.
- Juleballet blei eit veldig kjekt arrangement som gav eit fint overskot til «elevråds-kassa». Flott at foreldra stiller opp som vaktar.
- Valfag gruppa i ALF på 9. og 10. fekk kvar sin heile dag på besøk hos Sotra VGS. Her fekk dei være i lokala til byggefag og produsera vedskjul og bodar. Mangen elevar som synest dette var kjekt og kanskje fekk inspirasjon til vidare skuleval.
- No når det har vore nokre vinterdagar med skøyteis og snø til aking, har elave fått tid ute til aktivitet på isen og i snøen. Det var nokre positive og blide elevar som kom att frå desse øktene.

- Nasjonale prøvar:
 - 8. trinn skårar godt på desse prøvane. I matte og engelsk på/eller litt over nasjonalt snitt. I lesing litt under nasjonalt snitt, men over snittet internt i kommunen.
 - 9. trinn ligg litt under nasjonalt og lokalt snitt, men viser svært god framgang frå resultatane dei hadde på 8. trinn.
- Skuletur 10. trinn
 - Det blir skuletur for 10A og 10C den 29.01-30.01, og for 10B og 10D den 31.01-01.02. Turane går til Gestapohuset og til krigsmuseet på Kløve med overnatting på Helgatun på Voss.
 - Kommune administrasjonen planlegg ny tur til haustsemesteret for neste skule år. Denne skal ut på anbod snart.
- SUS sendte inn forslag til kandidatar til Ungdomsrådet i kommunen. Nokre av dagens elevane er valt inn, i tillegg til tidlegare elevar frå skulen. Så sørø delen av kommunen er godt representert i Ungdomsrådet dei neste to åra.
- Andre glad nyheiter:
 - Kommunestyret har løyvd 5 mill til uteområdet på skulen.
 - Skulekjøkkenet har nå fått to nye arbeidsstasjonar.
 - Fått innvilga søknad til Kulturrådet si Skulebibliotekordning – Gratis bokassar i 3 år.
 - Fått auka Helsesjukepleiarressurs til 100 % stilling.
 - Blitt Erasmus-skule (Erasmus-skular får moglegheit til å samarbeide med tilsvarande skular/ institusjonar i andre delar av Europa)
 - KI – Ungdomsskulenettverk – Skuleleiinga skal delta på dette 25. januar.
 - Utviklingsarbeid «Vår – tids skule» er konkretisert til ein modell med 4 utviklingsområde.

6. Eventuelt

- Det kom forslag til om ein kunne nytta «oppslagstavla» på Transponder til f.eks lekseplanar slik at ein slepp å leit mellom mange meldingar etter denne.

- Det blei lufta om ein kunne etablera «klassekasse» til f.eks sosiale tilstellingar for klassen. Det er opp til kvar enkelt klassekontakt om ein vil organisera «klassekasse» og få inn midlar ved f.eks dugnadsarbeid til sosiale aktivitetar.

Neste møte 18. mars